



GLØD: Sveisar Erling Ness formar røyr til store skip i verkstadhallen i Eikefjorden.

Røyreventyr for ukjend Eikefjord-verksemd

■ Nøkkelleverandør i skipsindustrien

FLORA: I 1986 ville tre verftsarbeidarar skape sin eigen arbeidsplass i Eikefjord. 22 år seinare har Eikefjord Mekaniske Verksted AS opp mot 120 tilsette, og fjoråret passerte med dobling på inntektssida.

IRIS ENGEN SKADAL tekst og foto

Sveisegjør etsar seg inn i metall i ein delvis løynd verkstadhall på Nesjane i Eikefjord. Røyrkonstruksjonar ligg strødd over betonggolvet – oppmålte og ferdigsmelta, og klare til å leie vatn, skum og kjemikaliar om bord på enorme tankarar i drift over verdshava. Den lokale verkstaden er ukjend for mange, men likevel spelar den ei sentral rolle i skipsindustrien både i og utanfor fylket.

– Ekspansjonen i Leirvik og Ulsteinvik har vore veldig viktig for oss. For leverte dei kanskje 2 til 3 skip i året, medan dei no har dobla dette talet. Det får ringverknader i bransjen, og slår

FAKTA

Eikefjord mekaniske verkstad

- Vart skipa i hausten 1986 av Allan Tonheim, Magnar Sønnervik og Svein Sigdestad.
- Leverer røyrverk til skipsverft i Florø, Ulsteinvik, Leirvik, Måløy og Førde.
- Har hovudkvarter på Nesjane i Eikefjorden.

22 år sidan, då Allan Tonheim og kollegaene Magnar Sønnervik og Svein Sigdestad ynskte å etablere sin eigen arbeidsplass, og såg behovet for røyrkompetanse i skipsindustrien.

22 år seinare er Eikefjord Mekaniske Verkstad veletablert som leverandør til verft i både Leirvik, Florø, Måløy og Ulsteinvik – og i månadsskiftet august-september får dei òg ansvaret for røyrverket i Kleven Førde.

Verksemda har i dag 60 fast tilsette, men leiger periodevis inn frå 40 til 60 tilleggsarbeidarar, der 6–8 menn og kvinner jobbar på basen i Eikefjord.

Bølgjedalar

Tonheim kan fortelje at verksemda har vore igjennom eit par dalar før dei nådde dagens bølgjetopp. Han har vore med frå start, før han trekte seg ut i 1995.

– Hausten -86 var vi berre fem mann, og tidene var langt mindre spreke enn dei er no. Det var skipsverfta som henta inn stor kapital, medan underleverandørane heldt seg på eit greitt økonomisk nivå, med både lønnsame og ulønnsame tider, seier Tonheim. Han meiner at

svært positivt ut for oss underleverandørar, fortel Jon Åge Sande.

Han har vore dagleg leiar i verksemda sidan 2003, etter 20 år som arbeidsleiar ved verkstaden, og trur hans komande år i forarsett vil halde seg på eit stabilt høgt nivå.

– Dei siste åra har vore fruktbare i denne industrien, og eg reknar med at det vil halde seg på eit stabilt og høgt nivå dei komande tre åra. I 2011 kan det likevel sjå ut som om vi møter ein liten kneik, spår Sande.

Opp mot 120 tilsette

Det heile starta ein sein haust for



SAMARBEID: Arbeidsleiar Dan Kåre Esp instruerer lærling Sesilie Sleire.

Ny stasjonsvogn til ferien –

Stor bakluke og god plass!

2004 VW Golf 1,6	175 000,-	2002 Skoda Octavia 1,9 TDI	190 000,-
2001 VW Golf 1,6 High	113 000,-	2000 Opel Vectra 1,6 CDI	98 000,-
2005 VW Passat 1,6	190 000,-	2002 Ford Focus 1,8 diesel	173 000,-
2004 Volvo XC90 2,4	425 000,-	2000 Ford Mondeo 2,0	118 000,-
2001 Audi A4 1,8	148 000,-	2001 Subaru Forester 2,0	165 000,-
2001 Audi A6 1,8 turbo	215 000,-	1997 Volvo V70 2,4	95 000,-
1998 Audi A6 1,9 TDI Avant	125 000,-	2002 Peugeot 2,0 Td	149 000,-
2005 Audi Allroad	506 000,-	2005 VW Touran TDI 5-s.	242 000,-
2002 Skoda Fabia 1,4	110 000,-		

Kjøper du ein av desse bilane før 15. juli, spanderer vi neste service gratis, eller verdikort på drivstoff, eller skiboks – verdi kr 5000,-



Berge & Co AS

Førde 24 03 18 00 – Flora 57 74 22 40 – Sogndal 57 67 57 00
Stryn 57 87 26 00 – Måløy 57 84 80 08

www.berge.no



INNTEKTSDOBLING: Dagleg leiari Svein Sigdestad og Jon Åge Sande ved Eikefjord Mekaniske Verkstad AS kan skilte med doble driftsinntekter i 2007, i høve til året før.



NYE RØYR: Verkstaden har levert røyr til den nye kjemikaltankaren som for tida ligg i hamn i Florø for ein siste finpuss. Desse røyra skal føre vatn og skum ned i motoren ved ein eventuell brann.

verksemda hadde ein fordel av å vere fleksibel.

– Då tidene var vanskelege heime, reiste vi til dømes til Skottland med 25 menn, og jobba på skip der i eit halvt år. Som ei lita verksemd kan ein variere, og er ikkje knytt så direkte opp til lokal industri, legg han til.

Gründeren trur dagens storresultat skriv seg frå mangel på arbeidskraft i bransjen.

– Den pressa marknaden gjev gode inntekter for underleverandørane. Vi kunne aldri ha vist til eit liknande driftsresultat på 90-talet, forklarar han.

Dagleg leiari Sande trur at polske arbeidarar skal ha mykje av takka for at verksemda kan skilte med gode resultat, og er veldig positivt overraska over kvaliteten på den utanlandske arbeidskrafta.

Polakkar utan norskkurs

– I 2005 tilsette vi mange polakkar, sidan tilgangen på norske arbeidarar var liten. No har vi problem med fullbooka norskkurs, og sjølv om dei fungerer svært godt som arbeidarar, kan språkforskjellar kan vere ei problemstilling, seier han.

Sande trur nøkkelen til den

gode arbeidsmoralen skriv seg frå rettferdig betaling.

– Lønningane varierer sjølvsagt litt med stilling og utdanning, men gjennomsnittleg betalalar vi dei polske arbeidarane rundt 140 kroner i timen. Det er langt over norsk minsteløn, og mange av dei vert nesten velstånande i heimlandet sitt, seier han. No skal verkstaden produsere røyrverk for Kleven Førde, som restartar i månadsstykke august/september.

– Det betyr mykje for oss å få denne sjansen, smiler den daglege leiaren.

redaksjon@firda.no

Får lage kro på Sørbøvåg

■ **HYLLESTAD:** Formannskapet har vedteke mot ei røyst å gi Sørbøvåg senter dispensasjon frå reguleringsplanen, slik at det er mogeleg å ta i bruk delar av butikkområdet til serveringsstad. Tidlegare i vår fekk kjøpmann Roar Nordbø skjenkeløyve til inne- og uteservering. Nordbø ønskjer å utvide tilbodet til turistar i tillegg til fastbuande.

Redda familie i naud

■ **LUSTER:** Ein familie på fire i båt vart redda av bilferja «Umes» i Luster søndag ettermiddag. Det hadde blåse opp kraftig, og familien trong hjelp til å komme seg velberga i land. Episoden hende i Lustrafjorden i Luster kommune. Politiet fekk meldinga like før klokka 17.00. Alle skal vere i trygge hender.

Sabotasje på steng

HYLLESTAD: Nokon har losna fortøyinga, slik at makrellen rømde. – Kvar år er eg utsett for herværk, seier fiskar Tommy Engdal.

HILDE GENBERG tekst

– Dette er grovt skadeverk, seier politibetjent Rolf Aamot ved Hyllestad lensmannskontor. Politiet er interesserte i tips om hærverket, som skjedde inst i Hyllestadfjorden ein gong mellom torsdag og søndag.

Engdal opplyser at han hadde vel tre tonn makrell i stenget i litt over ei veke. Då han las på firda.no søndag at nokon hadde politimeld stinkande fiskesteng i Hyllestadfjorden, gjekk han ut for å sjekke og fekk med seg Rolf Aamot.

– Nokon har losna tauverk på

den eine sida og kasta det inn i stenget, slik at nota har klappa saman. Det har ført til at vel to tredelar av fisken har rømt, medan resten vart gåande svært trøngt og vart skadd, fortel Aamot. Fiskaren antydar eit verditap på 45 000 kroner.

– I fjor mista eg fisk for oppunder 150 000 kroner då nokon skar sund reiskapen min, fortel Engdal, som trur misunning ligg bak hærverket.

– Folk toler ikkje at nokon prøver å få til noko her i fjorden. Både Engdal og politiet stiller seg uforståande til opplysningane som har komme om stinkande fisk.

– Då eg var på staden søndag, merka eg ikkje mykje lukt og det har heller ikkje andre som eg har snakka med merka noko til, seier Aamot.

hilde.genberg@firda.no

HELGETILBOD frå Ica Nær Bruland

Tilbodet gjeld torsdag, fredag og laurdag

FAMILIE WIENERPØLSER
Gilde, 900 g.
37.90
Pr. pk.

GRILLPØLSE
Gilde, 900 g.
26.90
Pr. pk.

ICA Nær Bruland
NBI Så lenge lageret rekk
Ope 9-21 (18)
– Delikate ferskvarer
– Stort vareutval
– Stor parkeringsplass